

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

tysdag 20. februar 2018, kl. 18.00

Det møtte 33 røysteføre og 1 utan røysterett.

Sak 1 Velkomen og opning

Audhilds spelte *Eldegardsfossen* (*springar av Sigurd Eldegard*) og *Halling frå Tysnes*.

Ida Marie Rognsvåg opna årsmøtet og ynska velkommen. Årsmøtet heldt eit minutt stilla for heidersmedlem Finn Vabø og andre medlemar som har gått bort i året som gjekk.

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut til alle medlemar den 19.01.18

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut til alle medlemar den 19.01.18

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Øystein Erstad og Arnvid Underlid

2.4 val av skrivarar

Vedtak: Terje Furenes og Gro Vetås

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Stig Vaular og Grete Oline Hole

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Aud Vetås og Torbjørn Haukås

Sak 3 Årsmelding for 2017, med rapport for arbeidsprogrammet 2017-2018

Ida Marie Rognsvåg la fram årsmeldinga og Kjersti J. Nybø la fram rapport for arbeidsprogrammet.

Ida Marie snakka om eit aktivt lag med mykje kurs og samlingar. Bergen ul Ervingen har mellom anna skipa til Fylkesstemna for born i Hordaland og Sommarleir i Noregs Ungdomslag. Bergen Juniorspelmennslag hadde 15-års jubileum i 2017, og laget har også i 2017 vore med i Den kulturelle skulesekken.

Styret ynskjer å få med nokre endringar / rettingar i årsmeldinga:

Årsmelding s. 10: nytt punkt d) Dragegjengen

Årsmelding s. 17: linje 558; rett årstal er 2017.

Kjersti snakka om arbeidet med arbeidsprogrammet; Rekruttering. Ho trakk fram prosjektet «Dragegjengen», eit spelmennslag på Krohnengen skole. Laget har tilsette ein rekrutteringsmedarbeidar tom mai 2017. I haust starta laget opp med studentdans, for å freista å rekruttera fleire studentar. Det er sett i gang ein del samarbeidsprosjekt med skular, mellom anna på Damsgård skule, laget deltek med danseverkstad i Den kulturelle skulesekken, er med på familiedagar USF Verftet og Barnas kulturhus. Kjersti trakk også fram ein god medlemsauke i året som gjekk.

Talet på medlemmar under 14 år har dobla seg. At laget har ein tilsett som jobbar med rekruttering gjev oss meir og betre gjennomføringskraft.

Tilråding frå Rådet den 14.02.18: *Rådet er også i år imponert over aktiviteten, særleg mot barn og unge. Auken i medlemstal er svært positiv. Årsmeldinga vart tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2017 for laget, og tek rapport om arbeidsprogrammet til vitande.

Sak 4 Rekneskap for 2017

Gunn Inger Sture legg fram rekneskapen for laget.
Øystein Erstad las revisjonsmeldinga for lagsrekneskapen.

Frode Myhra legg fram rekneskapen for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 14.02.18: *Rådet ber om at eit korrigert rekneskap vert lagt fram for årsmøtet, der revisorane sine merknader vert teke inn. Dette gjeld særleg Note f med tilhøyrande oppsett, som bør klargjerast betre. Med desse endringane er rekneskapen tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Rekneskap 2017 for Fonds- og egedomsstyret.
Rekneskap vart lagt fram i rådsmøtet, godkjent av F&E-styret i møte 14.02.18, men ikkje revidert. Vedtak: Rekneskap vart tilrådd godkjent av årsmøtet, på vilkår av godkjenning frå revisorane. Rådet ber F&E-styret vurdere om rekneskapsføring kan gjerast av rekneskapsbyrå saman med lagsrekneskapen.

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson og Torgrim Ljones.

Vedtak:

- a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2017.
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fonds- og egedomsstyret 2017.

Årsmøte song «Dyrebryllaup i skogen».

Sak 5 Budsjett 2018

Gunn Inger Sture legg fram budsjettet for laget.
Frode Myhra legg fram budsjettet for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 14.02.18: *Budsjett for 2018 vart tilrådd godkjent av årsmøtet*

Desse hadde ordet i saka: Gunn Inger Sture, Torgrim Ljones, Eli Randmo, Knut Arne Vedå, Øystein Erstad, Eldbjørg Gunnarson, Stig Vaular, Brynjulf Langballe og Hans Nyeggen.

Pause i saka. Vedtak vert gjort etter sak 6 og 7, då årsmøtet har fått meir informasjon om stoda i laget og lagsbruka.

Kaffipause.

Sak 6 Forvaltning av verdier i laget og lagsbruka

Torgrim Ljones la fram saka for fond- og egedomsstyret. Dei har sett på ulike løysingar for å forvalta verdiane i laget og lagsbruka.

Torgrim snakka om Ervingen kulturhus, der situasjonen er god. Det har vore stor oppussing i Gimle, særleg trekk han fram toaletta, kjøkkenet og heisen. Ervingen kulturhus går truleg med eit underskot på 1,5 millionar, der dei kan få tilbake halvparten.

Mesteparten av oppussinga i Gimle er ferdig, Det er berre småplukk att. Det er førebels ikkje gjort noko i leilegheitene i 5. etg.

Kostnadar på ombygginga kjem på omlag 10 millionar. Mykje av dette er vedlikehald

Fonds- og egedomsstyret har sett på verdiane på hytta, og ventar på verditakst i løpet av 2018. Dette for å finna ut marknadsverdien.

Ved fusjon og fisjon av aksjeselskapa i 2010 vart salgssum ikkje oppgjort. Det var basert på takstar og verdivurdering. Ervingen Lagsbruk har måtte skriva ned verdien av portefølje. Denne er skriva ned med 10. millionar i 2017 grunna dårleg resultat. Drifta av hotell har gått dårlegare og dårlegare. Sandviken brygge (dotterselskap) er konkurs. Det er tøffare konkurranse i marknaden enn tidlegare, og resultatmarginar vert pressa. Ein arbeider meir med sal enn med framleis drift. Dette er ikkje ein open prosess. Det er truleg ingen verdi å realisera om ein sel hotellet, men ein slepp underskot.

Det vart stilt spørsmål om ev sal av Fensal eller Gimle, og kva verdier som ligg der. Verdi av lagshusa er anslått til omlag 20 millionar pr hus.

Desse hadde ordet i saka: Frode Myhra, Øystein Erstad, Stig Vaular, Gunn Inger Sture, Torbjørn Haukås, Hans Nyeggen, Øystein Rambjørg og Torgrim Ljones.

Sak 7 Lovendringsframlegg:

Gunn Inger Sture la fram saka om lovendringsframlegg for laget.

Endringsframlegg i lova paragraf §4-1 Styre og råd og i styringsføresegner §5 Rådet inneber å redusere talet på medlemmar i rådet frå seks til fire. Grunnlaget for framlegget er innspel frå valnemnda om å redusera talet på tillitsvalde i laget. Eit framlegg var å redusera talet på medlemmar i Rådet. Rådet har drøfta saka, og styret stiller seg bak Rådet sitt framlegg om å redusera talet på medlemmar. Styret ser det ikkje teneleg å redusere talet på særslag eller medlemmar i særslag, då noverande struktur fungerer godt for organisering av aktivitet. Styret meiner at det på det noverande tidspunkt ikkje er naturleg å ta opp igjen debatten om rollefordelinga mellom Fonds- og egedomsstyret og Rådet, det er trong for både organ.

Endringsframlegg i Føresegner for Reservefondet. Dette framlegget er utarbeidd i samarbeid mellom styret, fonds- og egedomsstyret og Rådet.

Endringa i §3 Fondsmiddel er føreslegen for å gje eit meir presis definisjon og oppdatering av fondets innhald.

Endring i §6.1 Årsoppgjerdsposisjonar er føreslegen for å gjere arbeidet med budsjettering i laget enklare.

Endring i §6.2 Løyvingar av likvid fondsmiddel er føreslegen då storleiken på likvid middel er redusert. Å gje ei grense på 100 000,- gjer eit betre bilete av storleiken på beløp som bør kunne løyvast utan handsaming av årsmøte.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Hans Nyeggen, Irene Bjørke, Frode Myhra, Gunn Inger Sture, Eldbjørg Gunnarson og Stig Vaular.

Vedtak:

Lagslova;

§4 Styre og råd

Laget har eit styre med 1 leiar og minst 4 medlemmer med minst 2 varamedlemmer. Laget har eit råd på 5 medlemmer med 2 varamedlemmer. Rådet skal følgja med i alle økonomiske spørsmål som vedkjem laget, ha tilsyn med laget sine eignelutar og elles vera eit rådgjevande og kontrollerande organ for laget.

Samrøystes godkjend.

Styringsføresegner;

§5 Rådet, (andre avsnitt)

Rådet skal ha leiar og 4 medlemmer med 2 varamedlemmer. Alle som sit i rådet, må ha vore med i laget i minst 2 år og kan ikkje samstundes vera medlem / varamedlem i lagsstyret, fonds- og eigedomsstyret eller i styra for lagsbruka. Leiar i lagsstyret møter fast på rådet sine møte, men er ikkje medlem. Rådet er vedtaksført når minst 4 rådsmedlemmer er til stades.

Samrøystes vedteke.

Reservefondet

§3 Fondsmiddel: Fondet består av to delar:

1. Likvide midlar plassert i bank og fond.
2. Bundne midlar som per 01.01.2017 består av eit renteberande lån, kalla obligasjonen, til Ervingen Lagsbruk AS og eit renteberande ansvarleg lån til Ervingen Eigedom AS.

§6.1 Årsoppgjersdisposisjonar.

Årsresultatet til Reservefondet skal årsmøtet fordela mellom styrking av fondsmiddelen og overføring til lagsdrifta, etter innstilling frå Fonds- og eigedomsstyret og Rådet. Til vanleg bør den delen av årsresultatet som går til styrking av fondsmiddelen, utgjera 10% av årsresultatet.

§6.2 Løyvingar av likvid fondsmiddel:

Løyvingar av fondsmiddel til investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta, kan Fonds- og eigedomsstyret gjera i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde, eller løyvingar totalt pr. år utgjer meir enn 100 000,- av den likvide fondsmiddelen, skal saka avgjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal. Alle løyvingar skal skje etter søknad.

Samrøystes vedteke.

Framhald Sak 5 Budsjett 2018

* Framlegg 1: Årsmøtet vedtek det framlagte budsjettet for 2018 for fond- og eigedomsstyret.

Vedtak: Framlegget vart ikkje vedteke.

For: 5 røyster

Mot: 20 røyster

Blanke: 3 røyster

* Framlegg 2, frå styret, på årsmøtet: Årsmøtet vedtek budsjettet for 2018 for fond- og eigedomsstyret med fylgjande endring: rente frå obligasjonen overført lagsdrifta, kr 450.000,-

Vedteke med 23 røyster for, 6 mot og 1 avhaldande.

* Framlegg 3, frå Torgrim, hekta på framlegget frå styret på årsmøtet: Dersom reservefondet ikkje får inn kr 450.000,- så kan det betalast av likvid fondsmiddel.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Vedtak:

- | |
|---|
| a. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2018 for laget. |
| b. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2018 for fond- og eigedomsstyret med fylgjande endring: rente frå obligasjonen overført lagsdrifta, kr 450.000,-. Dersom reservefondet ikkje får inn kr. 450.000,- så kan det betalast av likvid fondsmiddel. |

Sak 8 Medlemspengar 2019

Brita Nilsen la fram saka. Inga endring.

Kan det grunna den økonomiske situasjonen i laget og lagsbruka vera aktuelt å vurdere å auka medlemspengane?

Desse hadde ordet i saka: Knut Arne Vedå, Eirin Tjoflot, Gunn Inger Sture og Eldbjørg Gunnarson.

Vedtak:

Medlemspengar 2019:

Vaksne	kr 700
Barn og ungdom t.o.m. 26 år	kr 500

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr 300,- pr. år. (150,- pr halvår)

Sak 9 Fråsegner

Ingen

Sak 10 Val

Eirin Tjoflot frå valnemnda legg fram saka på vegne av valnemnda.

Desse hadde ordet i saka: Stig Indrebø og Grete Oline Hole.

Vedtak:

Lagsstyret

Leiar	Borghild Marie Opdahl	Attval, 1 år
Medlem	Ida Marie Rognsvåg	Attval, 2 år
Medlem	Kjersti Johanne Nybø	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Marit Kvamen	På val, 2 år
Medlem	Gunn Inger Sture	Ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Irene Bjørke	På val, 1 år
Varamedlem	Eirin Tjoflot	På val, 1 år
Varamedlem	Marianne Pedersen	På val, 1 år

Rådet

Leiar	Eldbjørg Gunnarson	Attval, 1 år
Medlem	Sverre Sundvor	Attval, 2 år
Medlem	Eli Randmo	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Indrebø	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	Suppleringsval, 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	På val, 1 år
Varamedlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø	På val, 1 år

Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Torgrim Ljones	Attval, 1 år
Medlem	Arnvid Underlid	På val, 2 år
Medlem	Oddrun Samdal	Ikkje på val, 1 år att

Medlem	Vegard Opheim	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Frode Myhra	Attval, 2 år

Folkedanslaget

Leiar	Marit Kvamen	På val, 1 år
Medlem	Stig Indrebø	På val, 1 år (suppleringsval neste år)
Medlem		På val, 2 år
Medlem	Renathe Nilsen	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Lina Hamre	Suppleringsval, 1 år

Ungdomsgruppa

Medlem	Martin Vintertun Grasdahl	På val, 2 år
Medlem	Sondre Seim Brattland	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Martha Langholmen	Ikkje på val, 1 år att

Barnelaget

Leiar		På val, 1 år
Medlem	Beate Aven	Suppleringsval 1 år
Medlem	Ida Marie Rognsvåg	På val, 2 år

Kor e Tonen

Medlem	Knut Arne Vedaa	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Marianne Samdal	På val, 2 år
Medlem	Malin Heggedal	På val, 2 år

Vara	Marte Grønsveen	På val, 1 år
Vara	Vilde Ørsje Utby	På val, 1 år

Juniorspelemannslaget

Leiar	Sissel Ingunn Nordstad	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Marianne Rønnestad	På val, 2 år
Medlem	Hilde Midtbø	Ikkje på val, 1 år att

Audhilds

Leiar	Eirin Tjøflot	Attval, 1 år (suppleringsval neste år)
Medlem	Ida Marie Rognsvåg	På val, 2 år
Medlem	Haldis Marie Samland	Ikkje på val, 1 år att

Hyttenemnda

Medlem	Knut Malkenes	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Martin Nessen	På val, 2 år
Medlem	Hans Nyeggen	Ikkje på val, 1 år att

Ettersyn

	Halvor Røyset	Attval, 1 år
	Steinulf Tungsвик	På val, 1 år
Vara	Torbjørn Haukås	På val, 1 år

Valnemnda

Leiar	Brynjulf Langballe	På val, 1 år
-------	--------------------	--------------

Medlem	Vegard Opheim	På val, 1 år
Medlem	Rigmor Nesheim Vaular	På val, 1 år
Medlem	Magnhild Mjør	Attval, 1 år
Medlem	Eirin Tjoflot	Attval, 1 år


Selsvikklubben vel eigen leiar, Kvedargruppa og Skostredet spøt og slarv vel egne kontaktpersonar. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peika ut nemndsmedlemmer til teaterlaget og Gimlingane etter trong. Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Ordstyrarane takka for seg og for tilliten.

Kjersti takka tillitsvalde som ikkje lenger har tillitsverv i laget, og delte ut blomar for innsatsen deira. Ordstyrarane og skrivarar fekk blomar.

Ho takka for møtet, og ynska vel heim.

Årsmøtet slutt kl. 21.15


Stig Vaular


Grete Oline Hole

